

Prosjekt campusutvikling

Campus Bergen



Rapport frå arbeidsgruppe

datert 13. juni 2022

Innhald

1.0 Prosjekt campusutvikling

- 1.1 Bakgrunnen for prosjekt campusutvikling

2.0 Campusutvikling campus Bergen

- 2.1 Mandat for prosjekt campusutvikling og campus Bergen
- 2.2 Arbeidsgruppa si samansetnad og arbeidsform
 - 2.2.1 Møte 9. februar 2022 med Iver Belle-Ramos
 - 2.2.2 Møte 8. mars 2022 med Torbjørn Torsvik
 - 2.2.3 Møte 21. mars 2022 med Robert Bjerknes
- 2.3 Kort samandrag av prosjektgruppene sine framlegg
- 2.4 Arbeidsgruppa sine framlegg til tiltak

3.0 Bakgrunn og profil

- 3.1 Historie og faktagrunnlag for campus Bergen
- 3.2 Campusverkstad november 2021
- 3.3 Utfordringsbilete for campus Bergen
- 3.4 Profil for campus Bergen
- 3.5 Tal studentar og tilsette

4.0 Oppfølging

- 4.1 Koordinering med andre utviklingsprosjekt ved HVL
- 4.2 Vidare arbeid med campusutvikling for campus Bergen

5.0 Samarbeidspartnarar

- 5.1 Offentlege samarbeidsinstitusjonar lokalt og regionalt
- 5.2 Næringsliv lokalt og regionalt
- 5.3 Internasjonalt samarbeid

6.0 Bygg og uteområde ved campus Bergen

- 6.1 Bygningar
- 6.2 Uteområde

7.0 Prosjektgruppene sine framlegg til tiltak

- 7.1 Framlegg frå FLKI prosjektgruppe
- 7.2 Framlegg frå FØS prosjektgruppe
- 7.3 Framlegg frå FIN prosjektgruppe
- 7.4 Framlegg frå FHS prosjektgruppe
- 7.5 Framlegg frå administrativ prosjektgruppe

Vedlegg

- fem prosjektrapportar frå fakultet og administrasjon

1.0 Prosjekt campusutvikling

1.1. Bakgrunnen for prosjekt campusutvikling

Utvikling av levande campus var ein viktig del av fusjonsavtalen for Høgskulen på Vestlandet. I tildelingsbrevet for 2020 er Kunnskapsdepartementet tydelege på at fleircampusinstitusjonar som HVL må utarbeide ein overordna campusstrategi og løfte campusane sine særmerke. Som oppfølging har høgskulen etablert eit campusutviklingsprosjekt ved kvar av dei fem campusane i perioden frå oktober 2020 til hausten 2021. Arbeidet skal føre fram til ein overordna strategi for å løfte campusane både fagleg, sosialt og kommersielt.

I mandatet for arbeidet er det peika på at vi skal ha campusar med tydelege profilar som er attraktive for studentar og tilsette, og som regionalt arbeids- og samfunnsliv har eigarskap til. Campusutviklinga skal sjåast i samanheng med administrativ organisering, arealutnytting, og det å etablere fysiske areal for samhandling med samfunns- og næringsliv. HVL skal byggje berekraftige campusar som veks ut av HVL som heilskap, og som samtidig har sterke lokale røter.

2.0 Prosjekt campusutvikling og campus Bergen

2.1 Mandat for prosjekt campusutvikling og campus Bergen

Mandatet frå prosjekteigar gjer framlegg om å gjennomføre ein utviklingsverkstad i november 2021. I programmet for verkstaden skal det leggest stor vekt på samspelet som HVL sin campus Bergen har med ulike organisasjonar i Bergen og i regionen rundt Bergen. Det å få fram kunnskap og moglegheiter var det sentrale i arbeidet med utviklingsverkstaden, og med det etterfølgjande arbeidet for campus Bergen der prosjektgrupper frå fakultet og administrasjon skulle involverast for å følgje opp arbeidet i etterkant.

Oppfølging av prosjekt campusutvikling for campus Bergen blei etablert som eige prosjekt, med organisasjonsdirektør som prosjekteigar og rektor si toppleiargruppe som styringsgruppe for prosjektet. Organisasjonsdirektør oppnemnde ei overordna arbeidsgruppe for prosjektet, med representasjon frå alle fire fakultet og administrative einingar, samt representasjon frå studentar og tillitsvalde.

2.2 Arbeidsgruppa sin samansetnad og arbeidsform

Arbeidsgruppa har samanfatta innspela frå prosjektgruppene og framlegg til tiltak i ein samla rapport. Den blir framlagt for rektor si toppleiargruppe med tilhøyrande tiltaksplan for campusutviklinga. Mandatet peikar vidare på at gruppa skal sikre at det blir sett i verk konkrete tiltak for utvikling av campus Bergen, og initiere og følgje opp tverrgående og felles tiltak.

Arbeidsgruppa skal sørge for at samarbeidspartnarar og aktørar frå regionalt arbeids- og samfunnsliv er involverte i det vidare utviklingsarbeidet for campus Bergen. I tråd med mandatet har gruppa hatt merksemd på at dei konkrete tiltaka for utvikling av campus Bergen er vidareutvikla frå idéar og innspel som kom fram i campusverkstaden og frå inviterte gjestar til arbeidsgruppa sine møte. Innspela skal vere innretta mot å utvikle ein fagleg profil for campus Bergen som er forankra i HVL sin strategi, og fakulteta sine strategiar og handlingsplanar. Innspela skal vere realistiske, både når det gjeld gjennomføring og kostnader.

Arbeidsgruppa:

Prorektor utdanning	Gro Anita Fonnes Flaten (leiar av arbeidsgruppa)
FLKI	Jan Helge Kaldestad
FIN	Øyvind Midtbø Berge
FHS	Monica Nortvedt
FØS	Kristin Lofthus Hope
Frå utdanningsavd	Gunhild Raunsgard
Frå HR	Anne Marit Morken
Frå AFII	Elin Kvaale
Frå areal/økonomi	Endre Laastad / Øyvind Henne
Studentar	Vegard Valen Lindtveit
Tillitsvald	Gjert Anders Askevold fast medlem Pål-Albert Olsen varamedlem
Prosjektleiar	Paul J. Manger

I tillegg til arbeidsgruppa har leiarane av prosjektgruppene vore med på møta: Bodil Kjesbo Risøy (FLKI), Adrian Rutle (FIN), Monica Wammen Nortvedt (FHS), Kristine Andersen (FØS), Linda Thue Lydersen (administrasjon). Arbeidsgruppa har hatt tre møte på Teams og tre fysiske møte i Bergen.

Etter innspel frå leiar og medlemmer i arbeidsgruppa blei det ved tre anledningar våren 2022 invitert til møte der eksterne innleia om tema som er viktige for det arbeidet som arbeidsgruppa skal gjere ifølgje mandatet til prosjektet campusutvikling og campus Bergen.

2.2.1 Møte 9. februar 2022 med Iver Belle-Ramos

Iver Belle-Ramos arbeider for Bergen Næringsråd med program Bergen Opportunity Belle-Ramos sitt tema er kulturelt mangfald. Spørsmålet er: Kva moglegheiter er det i mangfald? Kva kan ein oppnå med mangfald? Korleis kan ein leie mangfald? Lett for å få segregering, avstand mellom teori og praksis. Døme: Internasjonale studentar køyrer sine egne studieløp. Belle-Ramos sitt utgangspunkt er at mangfald ikkje er eit problem, mangfaldet må gjenspeilast. Ein har med seg ulike perspektiv inn i ei gruppe sjølv om ein har felles bakgrunn. Eit levd liv har med seg perspektiv. Kva kan kulturelt mangfald bidra med? Korleis bruke det institusjonelt? Få fram minoritetsstemmer, utfordringa er å tiltrekke seg og halde på kompetanse. Belle-Ramos brukte NRK som døme på institusjon som har fått fram minoritetar i nyheitssendingar.

I diskusjon etter innlegget blei det peika på internasjonale studentar som ressurs i utviklinga av campus. Internasjonale studentar, og tilsette med internasjonal bakgrunn, kan vere med å få fram tverrfakultære tilbod. Det å formulere seg akademisk krev språkkunnskap. Det tverrfakultære versus det fakultetsvise blei diskutert. Balanse fag og sosialt, få fram fag som er uavhengige av fakultet. Få utanlandske studentar inn saman med ordinære studentar. Tema språk vil alltid kome opp i diskusjonar om integrering. Språkkrav er viktig, viktig å få opp kompetanse på inkluderande bruk av språk. Ekstra tilrettelegging må til for å få innpass i det akademiske språk. Tips frå Belle-Ramos: Bruk ressurspersonar i miljøet i arbeidet med språk.

2.2.2 Møte 8. mars 2022 med Torbjørn Torsvik

Torbjørn Torsvik har bakgrunn frå Bergen Næringsråd og PWC. Han er sidan nyttår 2022 dagleg leiar for Eidfjord Resort. Torsvik innleia med å sei at det han presenterte var sitt subjektive syn, ingen fasit på situasjon og utfordringar for HVL. Han hadde sett innom HVL si heimeside og sosiale medium. Utgangspunkt for han etter det var at HVL er altfor opptatt av seg sjølv. Ein må bli meir opptatt av det som er rundt HVL. Løft opp andre, det gir merksemd. Torsvik kommenterte vidare sin tidlegare arbeidsgivar PWC som rekrutterer direkte frå NHH og UiB/Jus. Kandidatar frå HVL kjem ikkje direkte til PWC, dei kjem der etter å ha vore innom mange andre arbeidsgivarar.

Han opplever at HVL er aktive på feltet berekraft med tilsette og studentar frå økonomi- og samfunnsfeltet. Ein finn HVL på arenaer som er aktuelle i Bergen, men då med enkeltpersonar og ikkje med tyngde med grupper av personar med HVL-tilknytning. Brukte døme frå Klimafestivalen. Her er HVL aktive på sin eigen dag, men ikkje på andre arenaer. Kommentar frå Torsvik til HVL si nettside er at den er for mykje fokusert på studentar, finn lite om forskinga ved HVL ved å gå inn på hvl.no. Still spørsmålet: Korleis kan vi bruke studentane på best mogleg måte? Råd til HVL: 1) Oppsøk verksemd, invitér seg sjølv inn, og 2) Arrangement er viktige, på eigen arena og på andre sine arenaer.

Samfunnsoppdraget til HVL må tydeleggjerast og kommuniserast ut var avslutningskommentar frå Torbjørn Torsvik i sitt innlegg til arbeidsgruppa 8. mars.

2.2.3 Møte 21. mars 2022 med Robert Bjercknes

Bjercknes innleia med å dra opp sentrale perspektiv for temaet forskingsinfrastruktur, og poengterte at mange institusjonar har i større eller mindre grad utvikla sin forskingsinfrastruktur usystematisk og basert på enkeltforskarar sine interesser og innsats. Det er ikkje eintydig kva infrastruktur om forskning er. Stort spenn i innhald og kompleksitet. Døme: vitskapleg utstyr, vitskaplege databasar, vitskaplege samlingar, elektronisk infrastruktur, forskingsfasilitetar. Bjercknes kom inn på utfordringar med kostnader og driftsmodellar, og forholdet til eksterne samarbeidspartnarar. Det nasjonale og det internasjonale landskapet blei diskutert.

Bjercknes tok for seg den institusjonelle bevisstheit og vilje til langsiktig strategisk planlegging rundt forskingsinfrastruktur, og forståinga av omgrepet blant forskarar.

Han problematiserte utfordringar som ein møter, med spesiell vekt på ambisjonar, kapasitet og organisering. Vidare snakka Bjerknes om erfaring frå sitt arbeid ved UiB og korleis ein har arbeidd med temaet der over år.

Ein hovudmodell for felles og større forskingsinfrastruktur blei presentert:

- Infrastrukturen skal forankrast og driftast på vegne av fellesskapet av eitt fakultet, ei avdeling eller eitt institutt. Dekan, avdelingsdirektør eller instituttleder er overordna leiar og økonomisk ansvarleg for infrastrukturen
- Infrastrukturen skal ha ein fagleg leiar med vitskapleg kompetanse, fortrinnsvis med erfaring frå relevant infrastrukturarbeid
- Infrastrukturen skal ha tekniske og administrative ressursar med kompetanse tilpassa arbeidsoppgåvene
- Infrastrukturen skal ha ei fagleg referansegruppe

Avslutningsvis tok Bjerknes opp spørsmål rundt finansiering, drift og formidling, og det viktige ved å ha klare og gode system og prosessar rundt desse tema.

2.3 Kort samandrag av prosjektgruppene sine framlegg

Prosjektgruppene frå fakulteta og administrasjon har gjennomført innspelsprosessar i eigen organisasjon og med eksterne partar, og lagt prosjektrapportane fram for arbeidsgruppa. Dei er vedlegg til arbeidsgruppa sin rapport. Innspela er baserte på synspunkt, erfaringar og diskusjonar som har gått over tid om utfordringar og utviklinga på campus Bergen.

Hovudpunkta i innspela frå prosjektgruppene kan oppsummerast i fem punkt (ikkje prioritert rekkefølge):

- Leggje betre til rette for samhandling og aktivitetar på tvers av fakulteta og administrative einingar
- Utnytte betre moglegheitene for å gjere campus Bergen synleg, levande og integrert i samfunns- og næringsliv i Bergen by og region rundt Bergen
- Styrke merkevarebygginga av ein internasjonal campus med mangfald
- Vidareutvikle og synleggjere campus Bergen med fysiske møteplassar inne og ute for sosiale og arbeidsrelaterte møte, auka aktivitet og attraktivitet på campus
- Utvikle arealet ved campus Bergen til det beste for tilsette og studentar, sjå på utfordringar med arbeidsplassar for tilsette og studentar

2.4 Arbeidsgruppa sine framlegg til tiltak

Arbeidsgruppa har arbeidd vidare med rapportane frå prosjektgruppene og campusseminaret. Gruppa har gjennom dette arbeidet definert følgjande hovudområde og framlegg til tiltak for oppfølging:

Hovudområde	Framlegg/ Tiltak
Synleggjere campus Bergen med utdannings- og forskingstilbod som er attraktive internt og for omgivnadene	Synleggjere campus fagleg <ul style="list-style-type: none"> - Gjere samfunnsoppdraget til HVL tydeleg og vise at vi kan svare på behovet for forskning, innovasjon og utdanning i tråd med samfunnsutviklinga - Utvikle vidare dei gode relasjonane med samfunns- og næringsliv - Styrke utdannings- og forskingsfeltet med fellesprosjekt mellom fakulteta, og i samspel med samarbeidspartnarar. Samt synleggjere slikt samarbeid betre i kommunikasjon med omgivnadene - Utnytte det potensiale som er ved campus Bergen gjennom profilbygging og marknadsføring mot omgivnadene - Nettsider og sosiale medium: Synleggjer HVL som ein fullverdig høgere utdanningsinstitusjon med både forskning, utdanning og innovasjon Studieportefølje <ul style="list-style-type: none"> - Sikre at HVL tilbyr ei heilskapleg studieportefølje som er i tråd med tråd med politiske føringar, samfunnsoppdrag og HVL sine strategiske satsingar - Utvikle studieportefølje i tråd med internasjonale trendar som vil bidra til auka attraktivitet Forsking <ul style="list-style-type: none"> - Styrke forskinga ved campus ved å utvikle forskingsinfrastruktur og få på plass ei langsiktig strategisk planlegging av forskingsinfrastruktur

	<ul style="list-style-type: none"> - Etablere fleire forskingsprosjekt på tvers av fakulteta saman med samfunns- og arbeidsliv - Ta vare på unge forskartalent og satse på tverrfaglege prosjekt - Legge institusjonell tyngde i det å rekruttere tilsette internasjonalt <p>Marknadsføring</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utnytte det potensiale som er ved campus Bergen gjennom marknadsføring og profilbygging mot omgivnadene - Merkevarerbygging som verkemiddel for å synleggjere HVL og campus Bergen
<p>Skape nye møteplassar fagleg og sosialt, og løfte campus Bergen som ein mangfaldig, inkluderande og internasjonal campus</p>	<p>Møteplassar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikle konseptet Global Lounge vidare som ein møteplass der internasjonale og norske studentar og tilsette blir kjente med kvarandre - Etablere konkrete prosjekt på tvers av fakultet og administrative fagmiljø - Legge til rette for å bygge kultur på tvers i organisasjonen - Skape nye digitale møteplassar i samarbeid med andre aktørar på prioriterte område for HVL sitt samfunnsoppdrag for å møte framtida sine behov - Etablere uformelle kollegiale møteplassar for å utvikle HVL som attraktiv og god arbeidsplass <p>Mangfald</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ha ein bevisst rekrutteringspolitikk for å auke og synleggjere mangfald i organisasjonen - Framheve mangfald i utvida forstand og anerkjenne mangfald som eit bidrag til eit betre og rikare samfunn for alle <p>Internasjonalt samarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> - Stimulere og legge til rette for å utvikle internasjonale emne, fellesemne og felles forskingsprosjekt med partneruniversitet

	<ul style="list-style-type: none"> - Framheve internasjonale studentar som ressurs i utviklinga av campus - Utvikle og framheve tverrfakultære tilbod ved å bruke ressursar som internasjonale studentar og tilsette har med seg til campus - Utvikle og få fram internasjonale emne som er uavhengige av fakultet, sjå på det tverrfakultære versus det fakultetsvise - Ha eit mål om å bli ein internasjonal campus med merksemd mot integrering som trekkjer til seg internasjonale studentar og tilsette
<p>Utvikle det samla arealet ved campus Bergen til det beste for studentar og tilsette</p>	<p>Fysiske uteområde og bygg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utnytting av område ved campus Bergen - Plassen mellom K1 og K2 har eit stort potensiale som må utnyttast betre enn tilfelle er i dag - Fasadane til K1 og K2 blir foreslått brukt til å profilere HVL campus Bergen og aktivitetar som kan ha interesse utover HVL <p>Arbeidsplassar og laboratorium</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arbeidsplassar må vurderast til det beste for tilsette og studentar - Vektlegge medverknad frå tilsette og studentar i utforming av arbeidsplassar - Etablere fleire laboratorium og forskingsinfrastrukturar for å sikre strategisk vidareutvikling av forskinga ved fakultet, organisasjon og campus - Levande campus, få fram meirverdien i å kome til campus og møtast fysisk

Merk: Fellesnemnar for mange av tiltaka er at dei går på tvers av etablerte styringslinjer i HVL. Det krev særskild merksemd for å sikre effektiv oppfølging.

3.0 Bakgrunn og profil

3.1 Historie og faktagrunnlag for campus Bergen

Høgskolen i Bergen (HiB) blei etablert 1. august 1994 og hadde omkring 7700 studentar og 750 tilsette. Fleire skular og utdanningar i Bergen blei ein del av HiB i 1994. HiB blei ein del av Høgskulen på Vestlandet frå 1. januar 2017.

Høgskolen i Bergen hadde tilbod om fag- og profesjonsstudier innan helse- og sosialfag, ingeniør- og økonomisk-administrativ utdanning, musikkutdanning og lærarutdanning. Desse faga kunne takast i varierende lengder frå halvårseiningar til bachelor-, master- og enkelte doktorgradstudier, samt ei rekke kurs-, etter- og vidareutdanningar. Høgskulen i Bergen var lokalisert på campus Kronstad og i Møllendalsveien. Enkelte utdanningsprogram og skular som seinere blei Høgskolen i Bergen har røter tilbake til 1800- og byrjinga av 1900-tallet. I mai 2011 markerte jordmorutdanninga ved Høgskolen i Bergen 150 år. Utdanninga starta ved Fødselsstiftelsen i Bergen i 1861 og har hatt fleire namn, blant anna Statens jordmorskole i Bergen og Bergen jordmorhøgskole.

Etter etableringa av HiB i 1994 blei arbeidet for eit nytt høgskulebygg ei av dei viktigaste sakene for organisasjonen. Lokalisering av bygget på Kronstad blei vedtatt i 2001 og bygget stod ferdig i 2014. Hausten 2020 flytta 300 tilsette inn i nytt bygg med namn K2 på Kronstad. Med det blir fleirtalet av studentar og tilsette samla på Kronstad. K2 har plass til 3000 studentar, og er Vestlandets mest moderne undervisningsbygg.

3.2 Campusverkstad november 2021

Campusverkstaden 17. og 18. november retta søkelyset mot korleis ein kan skape identitet og entusiasme som bidrar til auka stoltheit av å studere eller arbeide ved HVL, og som samstundes bidrar til betre trivsel og betre resultat samla sett. Spørsmål som blei stilt første dagen var: Korleis skape entusiasme om arbeidsplassen akkurat no, og for framtida? Er/kan HVL vere den føretrekte studiestaden i Bergen? Kan HVL vere den føretrekte arbeidsgivaren i regionen?

Verdiskapinga på Vestlandet dei neste 50 åra vil ha ein annan karakter enn dei siste 50 åra. Næringslivet er i omstilling. Offentleg sektor skal levere betre, vere meir treffsikre og gi meir effektive tenester til innbyggjarane. Er HVL meir relevant i omstilling enn HVL evner å kommunisere ut? Kor viktig er HVL for byen og regionen? Korleis samhandlar HVL med omgivnadene når det gjeld utdanning, forskning og HVL sitt samfunnsoppdrag generelt? Kva er forventningane frå omgivnadene til HVL? Korleis bidrar HVL til regionen? Kva kan HVL gjere betre enn det ein gjer i dag?

Eksterne og interne innleiarar grip fatt i dei mange spørsmåla dei to halve dagane på Kronstad. Første dagen var det ein paneldebatt der ein mellom anna diskuterte korleis HVL kan bidra til å utvikle bydelen Kronstad. Her var det m.a. representantar frå Bergen kommune, organisasjonane Havrommet og Dragefjellet minifestival. Andre dagen av verkstaden innleia byrådsleiar Roger Valhammer i Bergen kommune med på snakke om Bergen sine forventningar til det nye

universitetet på Vestlandet. Tilsette og studentar ved HVL bidrog på verkstaden med gode perspektiv gjennom dei to halve dagane og sette søkelyset på kva rolle HVL skal ha i samfunnsdebatten som det nye profesjons- og arbeidslivsretta universitetet på Vestlandet.

3.3 Utfordringsbilete for campus Bergen

Campus Bergen er ein stor og kompakt campus sentralt plassert i Bergen. Alle fire fakulteta, med eit fleirtal av utdanningane HVL tilbyr og alle administrative fagmiljø, er representert i Bergen. Campus Bergen har i underkant av 11 000 studentar og 1335 tilsette. Av desse er det 305 administrative stillingar: 235 i fellestenestene og 70 i fakulteta sine administrasjonar.

For å vere ein attraktiv organisasjon for studentar, tilsette og samarbeidspartnarar må HVL arbeide strategisk med korleis ein skal vere synleg internt og eksternt.

Ved å auke den sosiale aktiviteten på campus vil det for tilsette vere mogleg å knyte nye nettverk og styrke allereie eksisterande nettverk. Dette kan bidra til å gjere arbeidskvardagen enklare og bygge fag- og arbeidsmiljø på tvers i organisasjonen. Det å leggje til rette for at tilsette møter kvarandre på tvers av fakultet og einingar kan bidra til auka samarbeid innan forskning og utdanning. Auka grad av samordning kan òg bidra positivt til utvikling av dei administrative fagområda.

Korleis vi bruker arbeidsplassane vår er viktig informasjon å hente inn for å forme korleis undervisning og forskning skal løysast i tida framover. Førestillinga om at arbeidsprosessar i går vil dekke framtidige behov må utfordrast i tida som kjem.

Aktiviteten ved campus Bergen kan med fordel gjerast betre kjent for tilsette ved dei andre campusane til HVL. Det kan bidra til å gjere campus Bergen meir synleg regionalt, nasjonalt og internasjonalt. I kontakt med omgivnadene er det viktig at tilsette har kjennskap til heile organisasjonen og heile campus, og ikkje berre til eige fakultet eller eigen eining. Det å bli meir synleg eksternt krev noko av alle som har eit ønske om å løfte opp arbeidsplassen sin. Råda frå Torbjørn Torsvik (kap 2.2.2.) kan vere viktige å ta med seg i dette arbeidet: Oppsøk verksemder, invitér seg sjølv inn, og ha arrangement på eigen arena og på andre sine arenaer.

3.4 Profil for HVL campus Bergen

På bakgrunn av utfordringsbildet har arbeidsgruppa samla seg om tre hovudsatsingar for å vidareutvikle campus Bergen. Tiltaka innafor hovudsatsingane vil støtte opp under ei utvikling der campus Bergen står fram med ein tydeleg profil mot omverda. Arbeidsgruppa peikar på å dyrke desse tre hovudprofilområda for framtida for å vidareutvikle campus Bergen.

- *Synleggjere campus Bergen med utdannings- og forskingstilbod som er attraktive internt og relevante for omgivnadene*

- *Skape nye møteplassar fagleg og sosialt som bidrar til å løfte campus Bergen som ein internasjonal og mangfaldig campus*
- *Utvikle det samla arealet ved campus Bergen til det beste for studentar og tilsette*

Profilområda må spissast i oppfølginga av arbeidsgruppa sine framlegg, og i prosessar rundt bygging av merkevare for campus Bergen. Her er det allereie eit arbeid i gang ved Avdeling for kommunikasjon. Arbeidsgruppa sin rapport kan gi innspel til dette arbeidet.

3.5 Tal studentar og tilsette

	Antall studenter 2017	Antall Studenter 2018	Antall Studenter 2020	Antall Studenter 2021
Bergen	9015	8810	9560	10890
Førde	755	915	830	944
Haugesund	1625	1710	1555	1743
Sogndal	3170	3030	3010	3038
Stord	1650	1690	1285	1372
HVL	16 215	16 160	16 240	17987

Studenter FØS			
Campus	2018	2020	2021
Bergen	590	780	909
Førde	30	40	92
Haugesund	675	720	869
Sogndal	775	765	978
Stord			2
HVL	2070	2305	2850

Studenter FHS			
Campus	2018	2020	2021
Bergen	2360	2480	2850
Førde	635	630	642
Haugesund	590	555	567
Sogndal	500	575	620
Stord	405	410	417
HVL	4490	4650	5096

Studenter FIN			
Campus	2018	2020	2021

Bergen	2330	2500	2601
Førde	165	160	219
Haugesund	445	250	259
Sogndal	290	305	350
Stord			
HVL	3230	3215	3429

FLKI			
Campus	Antall Studenter 2018	Antall Studenter 2020	Antall Studenter 2021
Bergen	3530	3800	4525
Førde	85		1
Haugesund		30	48
Sogndal	1465	1365	1090
Stord	1285	875	953
HVL	6365	6070	6617

Antall HVL tilsette fordelt etter fakultet og campus

	BGO		Stord		Førde		Sogndal			Haug.	
	Antall ansatt 2018	Antall ansatt 2020	Antall ansatt 2018	Antall ansatt 2020	Antall ansatt 2018	Antall ansatt 2020	Antall ansatt 2018	Antall ansatt 2020	Antall ansatt 2021	Antall ansatt 2019	Antall ansatt 2020
FHS	257	277	32	35	55	53	40	59	59	45	40
FIN	220	284	1	1	8	20	39	48	55	13	51
FLKI	296	352	110	113	0	0	119	135	134	2	1
FØS	40	56	0	1	0	0	49	52	53	59	57
FA	213	232	48	51	21	19	80	80	82	43	48
Enhet	1026	1201	191	201	84	92	327	374	383	162	197

4.0 Oppfølging

Det er viktig å merke seg at tiltaka som er foreslått frå arbeidsgruppa går på tvers av organisasjonsstrukturane. Det same gjeld forslag til profilområde. Organisasjonen HVL er organisert for å byggje aktivitet innafor same fagområde på ulike campusar. Altså ikkje organisert for tverrfakultært samarbeid, det vere seg internt på kvar av campusane eller mellom campusane. I oppfølginga av rapporten er arbeidsgruppa særskild opptatt av at det blir identifisert kven det skal vere samarbeid mellom i dei ulike satsingane, korleis ansvaret for oppfølginga skal fordelast, og korleis det skal følgjast opp organisatorisk og økonomisk for å lukkast med gjennomføringa. Arbeidsgruppa legg vekt på at det må vere eit klart og tydeleg ansvar på leiarnivå for dei ulike oppfølgingspunkta i rapporten. Dei konkrete forslaga til tiltak i rapporten må bli følgt opp i dei formelle ansvarslinjene i organisasjonen. Oppfølginga må koplust til allereie pågåande utviklingsarbeid i organisasjonen der dette er mogleg, og det må konkretiserast korleis denne koplinga skal følgjast opp i organisasjonen.

I tråd med dei raske samfunnsendringane nasjonalt og internasjonalt må HVL tenkje nytt og leggje stor vekt på arbeidet med kontinuerleg utvikling for å vere ein relevant og viktig oppdatert samfunnsaktør. Særleg er dette viktig med tanke på at HVL skal vere eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

4.1 Koordinering med andre utviklingsprosjekt ved HVL

Campusutviklingsprosjektet følger tett på arbeidet som blir gjort i universitetsprosjektet. Fusjonsavtalen frå 2016 slår fast at HVL skal arbeide for å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil. Ikkje minst er ambisjonen heilt sentral i HVL sin strategi for åra 2019-2023. Ambisjonen er skriven inn i HVL sine verksemdsmål og i utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet.

Livslang læring:

Prosjektet Livslang læring ved HVL har lagt fram ein rapport i 2021 for å vise HVL sine ambisjonar for å lære heile livet. «HVL ynskjer å vere den føretrakte samarbeidspartnaren og betydeleg aktør for regional utvikling» for samfunns- og arbeidslivet rundt campusane. Sentrale tematikkar i rapporten omhandlar ny forståing av kven studenten er, og at det er behov for å skape felles forståing, fleksibilitet og fart. Det er svært viktig å framheve at koordinering av ressursar på fagsida og i administrasjonen kan vere nøkkelen til å svare godt på samfunns- og arbeidsliv sine behov for livslang læring, og bidra til revisjon og utvikling av studieporteføljen. Ein relevant problemstilling for utvikling av campus Bergen er korleis HVL skal vere relevant for eit arbeids- og samfunnsliv rundt som har bruk for kompetanse ut over det fakulteta kan tilby ved campus per i dag.

Studieportefølje og studietilbod:

Signal frå HVL si leiing er at diskusjonar om studieporteføljeutvikling må stå sentralt i prosessane knytt til campusutvikling og særskilt i prosjektgruppene sitt arbeid. Det blir derfor viktig at forslaga som kjem frå prosjektgruppene blir del av fakulteta sitt periodiske arbeid med utvikling av studieporteføljen, som er knytt opp mot sentrale ambisjonar og strategiar. Det er og eit strategiarbeid på gang i HVL. Arbeidet med prosjekt campusutvikling må takast inn i strategiarbeidet. I oppfølginga av prosjektgruppene sine rapportar er det viktig å skilje mellom nye tiltak, tiltak som er under planlegging, eller tiltak som allereie er i ferd med å bli implementert som ein del av fakulteta sin prosess for studieporteføljeutvikling.

Berekraft og miljøatsingar:

HVL har berekraft som ein av tre hovudverdiar i strategien, og derfor er det eit strategisk viktig arbeid som blir lagt ned kvar dag for stadig å bli betre på miljø og klima på alle dei fem campusane. Det er ei forventning hos stadig fleire i samfunnet at verksemdene dei nyttar, eller jobbar for, er berekraftige. Og det er også viktig for studentane ved HVL, for unge som vurderer å søkje studieplass ved HVL, for dei tilsette og for samarbeidspartnarar at HVL leverer på dette. Alle dei fem campusane til HVL er Miljøfyrtårn-sertifiserte. Det betyr at HVL har ein plan for korleis ein skal tilfredsstillere meir enn 70 ulike kriterium for grøn omstilling og miljøleing. HVL arbeider målretta og hardt for å oppnå gode resultat fram til resertifisering, som skjer kvart tredje år.

4.2 Vidare arbeid med campusutvikling campus Bergen

Arbeidsgruppa sin rapport vert lagt fram for HVL si toppleiargruppe for oppfølging. Ansvar for oppfølginga ligg i linjeorganisasjonen. Gevinsten av prosjekt campusutvikling skal vere å stimulere kjerneproduksjonen i organisasjonen Høgskulen på Vestlandet. Det samla arbeidet med prosjekt campusutvikling er eit arbeid som ein vil sjå gjennom heile året 2022 og vidare framover.

Mange av dei foreslåtte tiltaka går på tvers av fakulteta, og involverer administrative ressursar og eksterne partar. Det betyr at oppfølginga må setjast i verk på tvers av organisasjonslinjene i HVL. Arbeidsgruppa har god forankring for dei føreslegne tiltaka nedover i organisasjonen gjennom arbeidet med prosjektrapportane, og arbeidsgruppa ønskjer å vere involverte i oppfølgingsarbeidet. Den gode forankringa av føreslegne tiltak gjer det mogeleg å setje av ressursar og gjennomføre tiltak raskt. Arbeidsgruppa peikar på at forslag til tiltak må følgjast opp med ressursar. Det er viktig at tiltak som heng lågt i høve til ressurs- og tidsbruk får ei særleg rask iverksetjing. Forslag til tiltak som er fremma av dei fire prosjektgruppene frå fakulteta som fakultetsspesifikke forslag vil best kunne løysast på fakultetsnivå og må ikkje løftast opp i organisasjonen for å finne løysing. Arbeidsgruppa peikar vidare på at arbeidet med å utvikle campus Bergen som ein internasjonal og mangfaldig campus skal ha høg prioritet.

5.0 Samarbeidspartnarar

Arbeidsgruppa sine framlegg til tiltak og profilar for campus Bergen legg vekt på å byggje vidare på eksisterande samarbeid og eksterne kontaktnett. Styrking og vidareutvikling av samarbeidsrelasjonar er viktige stikkord.

Regional utvikling og samhandling med arbeidsliv er ikkje berre ein del av høgskulen sitt samfunnsmandat, det er også ein viktig del av HVL sin identitet. Praksis inngår som obligatorisk eller valfri del på mange av utdanningane. Dei mange avtalane om samarbeid med samfunns- og arbeidsliv gjer dette mogleg. Næringsklyngene rundt campusane gir høgskulen tilgang på eit rikt spekter av samarbeidsaktørar. Høgskulen har samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar både under UHR-paraplyen og høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er viktig for å lære av kvarandre, utvikle og støtte kvarandre og for å kunne gi studentane meir saumlause overgangar og moglegheit for livslang læring.

Samarbeidet er både med offentleg sektor og nærings- og samfunnsliv. Ofte handler det om kompetanseutvikling gjennom utdanningssamarbeid, studentpraksis og forskingssamarbeid. Høgskulen arbeider òg innafor regional utvikling med infrastruktur, campusutvikling, lokalsamfunnsutvikling og byutvikling. I tillegg til offentleg sektor, så blir ofte nærings- og kunnskapsklyngene trekt fram som særleg viktige samarbeidspartnarar/samarbeidsarenaer.

5.1 Offentlege samarbeidsinstitusjonar lokalt og regionalt

HVL og campus Bergen har etablert god kontakt over tid med Bergen kommune, andre kommunar i regionen og Vestland fylkeskommune. Dette gjeld både på fakultetsnivå når det gjeld faglege aktivitetar og på administrativt nivå.

Nokre døme på slikt samarbeid med Bergen kommune er skissert under, opplistinga er ikkje uttømande:

- HVL har studentar i praksis i ei rekke offentlege verksemder, t.d. innan helse og utdanning
- HVL har opplæringsamarbeid i teknologi for lærarar i Bergen kommune (HVL Medielab)
- HVL har gitt innspel på Bergen kommune si studentmelding og Bergen kommune sin handlingsplan for internasjonalisering
- HVL har gjennom årar 2020-2022 hatt tett dialog og samarbeid med Bergen kommune i samband med pandemi/pandemihandtering
- HVL har tett dialog med Bergen kommune når det gjeld handtering av flyktingar fra krigen i Ukraina
- HVL har formalisert samarbeid med Bergen kommune om satsinga «Havbyen Bergen» (signert 20.5.2022)
- HVL er ambassadør for Bergen kommune som kurs og konferanseby (gjennom VisitBergen)

Når det gjeld samarbeid med Vestland fylkeskommune har HVL og campus Bergen etablert tett samarbeid om m.a. næringsplan for fylket og Grøn region Vestland.

5.2 Næringsliv lokalt og regionalt

Høgskulen på Vestlandet og campus Bergen har eit breitt og mangfaldig samarbeid med næringsliv lokalt og regionalt. Eit døme på slikt samarbeid er partnarskapsavtalen Fakultet for ingeniør- og naturvitskap har med GCE Ocean Technology som inneheld nettverkssamarbeid og felles samarbeidsarenaer, kompetanseutvikling, og samarbeid om prosjekt og bidrag i arrangement og i arbeidsgrupper.

HVL og campus Bergen sitt engasjement i kunnskaps- og næringsklyngene omfattar klynger finansiert gjennom Innovasjon Norge sitt klyngeprogram (Arena-, NCE- og GCE-klynger) samt Norwegian Clean Energy Cluster, og i tillegg kunnskapsklyngene Alrek, Middelalderklyngen, POLYFON og FOUSAM. Samarbeidet gjeld strategiske satsningar og aktivitetsnivå knytt til innovasjon og entreprenørskap ved HVL, inkludert kommersialisering av forskning og utdanning, regional utvikling gjennom engasjement i nærings- og kunnskapsklyngene, og i tillegg det viktige studententreprenørskapsområdet.

5.3 Internasjonalt samarbeid

Internasjonale tilbud og satsing på internasjonalt samarbeid er trekt fram som eit særpreg som arbeidsgruppa foreslår å vidareutvikle til profil for campus Bergen. HVL har mange internasjonale samarbeidspartnarar innan forskning og utdanning. HVL er del av både internasjonale faglege- og institusjonelle nettverk, i tillegg deltek fleire av HVL sine tilsette i uformelle internasjonale samarbeid. Internasjonalt samarbeid kan regulerast i ulike typar avtalar. Kva avtaletype det er kjem an på kva samarbeid som er aktuelt. Dei ulike avtaletypane kan vere Intensjonsavtale/overordna avtale mellom partar, studentutvekslingsavtale eller Erasmus-avtale.

Det er først og fremst to prosjekt som kan framhevast når det gjeld HVL og campus Bergen sitt engasjement på området internasjonal forskning og innovasjon:

- **Development of innovative complex predictive maintenance system EA-Predictive**, finansiert av EØS-midler i Litauen. Prosjektet tar sikte på å utvikle ein matematisk modell som kan gi automatisert overvaking av heilskapen til systema i ein fabrikk, og vert koordinert av eit litauisk selskap. Totalbudsjett: 10 millioner kroner, HVL sin andel ca 3,7 mill NOK. Fakultet for ingeniør- og naturvitskap. Prosjektstart: 2021.
Tekst om prosjektet finn ein på Vestibylene:
<https://www.hvl.no/Vestibylene/nyhende/2022/januar/far-eos-stotte-til-a-forske-pa-krympande-brear-og-systema-i-fabrikkar/>
- **SENSE. The New European Roadmap to STEAM Education.** Finansiert av Horisont Europa. HVL er koordinator. Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett. Sendt inn i 2021, hadde oppstart i 2022.
Tekst om prosjektet finn ein på Vestibylene:
<https://www.hvl.no/Vestibylene/nyhende/2022/januar/skal-leie-eu-prosjekt-for-a-utvikle-framtidas-naturfag-undervisning/>

HVL utarbeidde i 2019 ei innovasjons-og entreprenørskapsmelding som gir ei oversikt over status og aktivitetsnivå på innovasjons-og entreprenørskapsområdet ved høgskolen. Denne meldinga i revidert versjon vil gi oppdatert informasjon på området.

6.0 Bygg, fasilitetar og uteområde ved campus Bergen

6.1 Bygningar

Arealitetthet ansatte fordelt etter campus

Stuedsted	Netto m2 Stuedsted	Antall Arbeidsplasser	Ansatte	m2 per Ansatt	Antall arbeidsplasser per ansatt
Haugesund	14 630,7	151	196	74,6	0,77
Stord	14 483,8	202	197	71,7	1,0
Bergen	52 163,9	1060	1050	49,7	1,0
Førde	5162,1	92	89	58	1,0
Sogndal ⁱ	21 727,2	323	369	58,9	0,88
HVL	108 167,7	1828	1901	56,9	0,96

Tabell 16; Arealitetthet studenter fordelt etter campus

Stuedsted	Netto m2	Antall studenter	M2 per student
Haugesund	14 630,7	1565	9,3
Stord	14 483,8	1285	11,27
Bergen	52 163,9	9560	5,5
Førde	5162,1	830	6,2
Sogndal	21 727,2	3010	7,2
HVL	108 167,7	16 250	6.6

Tabellane ovanfor viser dei samla kvadratmetertala og talet på arbeidsplassar per tilsett, og kvadratmetertala per student ved campus Bergen.

6.2 Uteområda

Uteområda på campus Bergen er prega av den store plassen mellom dei to bygga K1 og K2. Denne plassen har eit stort potensiale for å utvikle ulike arrangement i regi av HVL eller i regi av andre som blir invitert inn på plassen.

Det er føringar når det kjem opp ønske om endring ved HVL sine campusar. HVL er ein ikkje-sjølveigande-institusjon. Statsbygg er eigar, og ønske om endring må sjåast i den samanhengen. Kostnader til oppgradering og endring må dekkast innan dei rammene vi har, alle forslag om endring må sjåast i budsjettsamheng.

7.0 Prosjektgruppene sine framlegg til tiltak

Prosjektgruppene sine rapportar følgjer arbeidsgruppa sin rapport som vedlegg. For utfyllande informasjon om forslag frå dei einsskilte prosjektgruppene blir det vist til desse fem rapportane. Rapportane tar dels for seg overordna forhold ved campus og

dels forhold knytt til det enkelte fakultet og forhold knytt til administrasjon. Dei fem rapportane er svært innhaldsrike og viser at prosjektgruppene sine medlemmer har lagt ned ein betydeleg arbeidsinnsats. Prosjektrapportane inneheld svært mykje relevant og god informasjon, og det blir foreslått tiltak langs mange av dei dimensjonane som arbeidsgruppa presenterer i den overordna rapporten. Arbeidsgruppa vil understreke at kvar av dei fem prosjektrapportane fortener ei spesiell merksemd i oppfølgingsarbeidet, både ved eige fakultet og i administrasjonen og i det overordna arbeidet framover med prosjekt campusutvikling.

Her følgjer eit kort samandrag av kvar av prosjektrapportane.

7.1 Framlegg frå FLKI prosjektgruppe

FLKI si prosjektgruppe løftar fram målsettinga om å utnytte betre moglegheitene for å gjere campus levande og integrert i samfunns- og næringsliv. HVL har fasilitetar og kompetanse som i dag ikkje blir utnytta, og som med relativt enkle grep kan settast ut i live. Det handlar om potensialet som unikt er knytt til campus Bergen, med stort gevinstpotensiale for FLKI og HVL, der vi i dag har lite eller ingen konkurranse om tilbodet. Mange av tiltaka som FLKI si prosjektgruppe foreslår handlar om uutnytta potensiale til utdanningssamarbeid og livslang læring, at ein har sterk fagkompetanse som kan nyttast i fleire samanhengar enn berre i undervisningssamanheng og at våre tilsette kan med fordel eksponerast meir i bergensk og nasjonal offentlegheit.

Prosjektgruppa har hatt ute ei undersøking i fakultetet og ein har hatt eit digitalt innspelsmøte med opne spørsmål knytt til dei overordna punkta i mandatet. Ut frå svara som kom inn, og den nemnde kompleksiteten ved campus Bergen, har prosjektgruppa identifisert område som er av særskilt stor tyding for FLKI.

Desse fire områda heng saman med kvarandre, og har blitt formulert i fire målsettingar som prosjektgruppa meiner at det er særskilt viktig å ha merksemd mot:

- Open Campus - 24/7. Målsettinga handlar om å kunne bruke campus til meir enn jobb og undervising, og å inkludere fleire grupper i bruken av bygga
- Fysisk tilhøyrse på campus. Målsettinga handlar om å ha fysisk nærleik til og fellesskap med kollegane, om å ta i bruk verkemidlar på campus for å skape identitet og tilhøyrse til din «flokk», eller «flokke»
- Synleg i bybiletet og i Bergen sitt medvit. Målsettinga handlar om å utnytte lokaliseringa til campus. Å proaktivt skape nye assosiasjonar hos bergensarane og å bli sentrale i den nye bydelen som veks fram – både som fysisk samlingsstad og som eit nav for aktivitet på tvers av sektorar
- Plukke de lågthengande fruktene. Målsettinga handlar om å utnytte betre dei moglegheitene som ligg på dørstokken vår og som med relativt enkle grep kan gjere campus levande og integrert i samfunns- og næringsliv. Kva udekkja behov eller ubrukne moglegheiter finst i denne regionen, som vi enkelt kan kople oss på, utvikle eit tilbod til, samarbeide med, som gir et godt utgangspunkt å bygge vidare på?

7.2 Framlegg frå FØS prosjektgruppe

FØS si prosjektgruppe har samla innspel frå tilsette ved FØS/campus Bergen. Innspela har blitt delt inn i tre hovudkategoriar. Desse hovudkategoriane er:

- Innspel til fysiske aspekt ved campus Bergen
- Innspel til organisatoriske forhold ved campus Bergen
- Innspel som rettar seg direkte til FØS og Institutt for økonomi og administrasjon ved campus Bergen

For fysiske aspekt er det utnytting av område og fasade, bruk av arbeidsplassar og fasilitetar ved campus som er sett søkelyset på av prosjektgruppa. Innspela er at campusområde på Kronstad blir ikkje utnytta på ein optimal måte. Alt ligg til rette for at campus skal vere fylt med engasjement og liv, men her er det etter prosjektgruppa si meining mykje å gå på. Plassen mellom K1 og K2 har eit stort potensiale som må utnyttast betre enn tilfelle er i dag. Fasadane til K1 og K2 blir foreslått brukt til å profilere HVL campus Bergen og aktivitetar som kan ha interesse utover HVL. Prosjektgruppa peiker på tal arbeidsplassar og utforming av arbeidsplassar for tilsette som ei utfordring ved campus Bergen. Opne kontorløysingar og arbeidsplassar til studentar blir problematisert. Prosjektgruppa kjem med fleire forslag til løysing på desse utfordringane.

Når det gjeld organisatoriske forhold ved campus Bergen blir det vist til ressurstildeling/ressursdeling mellom vitenskapleg og administrativ tilsette ved fakultetet og organisasjon som eit område som krev merksemd. Prosjektgruppa sin rapport går i detalj på desse områda.

Identitetsbygging og berekraft er andre område som FØS si prosjektgruppe tar opp i rapporten sin. Avslutningsvis tar prosjektgruppa opp ein del innspel som rettar seg direkte til forhold ved fakultet og institutt ved campus Bergen. Forslag til tiltak frå prosjektgruppa er å gå inn i ei drøfting av kva som skal vere FØS campus Bergen sin profil og identitet framover.

7.3 Framlegg frå FIN prosjektgruppe

FIN si prosjektgruppe har i sin rapport sett på faktorar som tilsette ved FIN ser på som sentrale for god campusutvikling. Innspela har blitt delt inn i to kategoriar:

- Innspel til fysiske aspekt ved campus Bergen
- Innspel til organisatoriske forhold ved campus Bergen

Arbeidsplassar for tilsette og studentar blir drøfta av prosjektgruppa. Fleire laboratorieplassar er eit tema som blir tatt opp som eit element som er kritisk for forskinga ved fakultetet. Behov for interne prosjektmidlar og insentiv for å fremme forskning blir framheva. Innspel til utdanningar og studieportefølje blir debattert, balanse mellom å respondere på endringar i samfunnet og fagfelt med lang horisont er blant fleire tema som blir tatt opp.

Prosjektgruppa tar opp fleire element knytt til internasjonalisering. Dette gjeld både på studentnivå (ERASMUS-utveksling) og forhold knytt til tilsette sine moglegheiter for å engasjere seg i internasjonalt arbeid langs fleire dimensjonar.

Attraktivitet og medverknad er tema som prosjektgruppa tar inn i rapporten sin. Det å skape ein opnare campus, å kople saman campus og nærmiljøet til campus blir eksemplifisert med fleire forslag for oppfølging. Utnytting av campusområde, bruk av campus som arena for faglege og sosiale arrangement blir tatt opp i rapporten til FIN si prosjektgruppe.

7.4 Framlegg frå FHS prosjektgruppe

FHS si prosjektgruppe har henta innspel frå interessenter og samfunnsaktørar internt og eksternt, hovudsakleg gjennom digitale møte. Kort survey er brukt til aktørar som ein ikkje har hatt anledning til å gjennomføre møte med. Oppsummert seier innspela noko om HVL som ein institusjon som er tett på og nær behov og utfordringar i samfunnet og dei moglegheiter campus Bergen har ved å vere lokalisert i ein storby. Det er eit potensiale for å styrke samarbeid på tvers av fag, fakultet, og eksterne partar, samt det å trekke fram mangfald og å løfte fram og synleggjere aktiviteten ved campus, fakultet og HVL i byen og i regionen.

Innspel prosjektgruppa har fått er hovudgrunnlaget for innhaldet i prosjektrapporten og strukturert under følgjande hovudoverskrifter:

- Studieportefølje og tverrfagleg samhandling
- Samhandling med samfunns- og næringsliv
- Forsking, utvikling og innovasjon
- Internasjonalisering og mangfald
- Rekruttering og kompetansebehov
- Areal

Helse- og sosialtenestene er i stadig endring både organisatorisk og i utøving av tenestene, og det er store krav til omstillingsevne. I innspel til prosjektgruppa blei det meldt behov for at HVL tilbyr gode grunnutdanningar med praksisløp som løfter fram samanhengen mellom undervisning på campus og det studentane møter når dei kjem ut i arbeidslivet. Både kommunar og helseforetak har gitt innspel om behov for arbeidskraft med kompetanse og evne til omstilling og som kan bidra i utviklinga av tenestene. Gjennom å utvide og utvikle bruken av SimArena vil ein bidra til ein meir levande campus med meir aktivitet. Eit tettare samarbeid på tvers og økt involvering av praksisfeltet inn i simuleringsarbeidet vil kunne gi store gevinstar på fleire felt.

Prosjektgruppa peiker på at campus Bergen kan profilerast som ein campus og utdanningsinstitusjon som er tett på og nært samfunn, arbeidsliv og dei behov befolkninga har gjennom livssyklusen i ein storby. Ved campus kan det etablerast samarbeid på tvers av fakultet og fagmiljø som også inkluderer arbeids- og næringsliv. Gevinstane vil vere at fagmiljø, studentar og samarbeidspartnarar i fellesskap identifiserer behov og utfordringar, og ser i større grad på område der synergjar mellom ulike profesjonar og fag kan bidra til å utvikle nye løysingar som dekker framtida sine behov.

FHS si prosjektgruppe vektlegg at campus Bergen er ein del av eit fleirkulturelt bymiljø med lang tradisjon innan internasjonal tenking. Det er derfor naturleg at campus Bergen bør kjenneteiknast av eit internasjonalt mangfald både når det gjeld aktivitetar, tilsette og studentar.

Prosjektgruppa foreslår ein gjennomgang av areal/kontorplassbruk ved campus med forslag til korleis ein best mogleg kan utnytte areala, og få med tiltak som bidrar til samarbeid på tvers. Dette gjeld òg det å gjere campus meir synleg gjennom aktivitetar i uteområda. Ein gjennomgang av organisering av administrative ressursar vil sikre at administrative funksjonar er i tråd med ambisjonane til fakulteta og er dimensjonert for aktiviteten ved campus Bergen. Det å leggje til rette for samhandling på tvers av fakultet og administrative funksjonar ved HVL blir poengtert i rapporten frå FHS si prosjektgruppe.

7.5 Framlegg frå administrativ prosjektgruppe

Prosjektgruppe administrasjon har henta innspel internt ved campus Bergen. Innspela prosjektgruppa har fått er hovudgrunnlaget for innhaldet i prosjektrapporten og ein kjem fram med fem hovudområde:

- Identitet
- Synlegheit
- Kompetansebygging
- Arbeidsmiljø/miljøfaktorar
- Innspel som gjeld heile HVL

Prosjektgruppa trekker fram at for at campus Bergen skal bli ein tydeleg aktør i Bergen by, og regionen rundt Bergen, er det nødvendig at campus Bergen i større grad blir profilert som ein mangfaldig storbycampus. Bergen by har ei rolle som knutepunkt og kraftsenter på Vestlandet. Dette må HVL campus Bergen utnytte og bygge identiteten sin på. Visuell identitet er viktig og må styrkast.

Prosjektgruppa peiker på at campus Bergen må arbeide strategisk med korleis ein skal vere synleg på ulike arenaer og i ulike kanalar. Tilbakemeldingar som prosjektgruppa har fått er at utdanningstilboda og forskingsaktiviteten til HVL campus Bergen er lite kjent. Det gjeld både internt og i omgivnadene. Strukturar for å dele informasjon er viktige å vidareutvikle.

Kompetansebygging for administrativt tilsette blir vektlagt av den administrative prosjektgruppa. I tråd med HVL sin strategi må det arbeidast aktivt for å utvikle campus Bergen til ein god stad å vere over tid. Kompetanseheving i heile organisasjonen er nødvendig for å nå dei mål som HVL har sett seg i samband med universitetsambisjonen. Når det gjeld arbeidsmiljø peiker prosjektgruppa på at administrative og vitskapelege tilsette skal vere likeverdige, og at campus Bergen skal vere ein arbeidsplass der studentar og tilsette trivst og utviklar seg.

På det overordna HVL-nivå peiker den administrative prosjektgruppa m.a. på intern kommunikasjon som eit område som bør utviklast vidare i tida som kjem.

Vedlegg til rapporten:

- Rapportar frå dei fem prosjektgruppene
